



Møtebok

Sak nr 46/2009

Møtedato: 18.11.09

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr:

Småviltjakt, endringer 2010

Frå Vestre Slidre jeger- og fiskarlag har fjellstyret fått slik brev datert 29.5.09:

Fjellstyret har tidligere fått kopi av jeger- og fiskarlagets skriv til NJFF vedrørende elg og småviltjakt og fordelingen av mellom innbygds og utbygds. Fjellstyret har tidligere og støttet lagets sitt syn på at all jakt bør sees sammen når tilgangen på jakt skal vurderes. Dette har vært grunnlaget for den avviksordning som har blitt praktisert i forholdet mellom utbygds og innbygds tilgang på elgjakt, og gitt innbygds fortrinnsrett til denne jakta.

Direktoratet for naturforvaltning har nå gitt ut "Retningslinjer til forskrift av 3. mars 2004 om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning" som gir grunnlag for av jaktordningen i Vestre Slidre statsallmenning må revurderes. Etter de nye retningslinjene er det ikke lenger anledning til å praktisere avviksordninger i forholdet mellom innbygds og utbygds jaktlag på statens grunn. Endringer bør være klare i god tid før jaktseasonen 2010.

I styremøte 19.05.09 ble situasjonen drøftet og det ble enighet om at laget skulle ta initiativ til å få i gang en revurdering av jaktordningene. Konkret vil vi foreslå at det nedsettes en arbeidsgruppe med to representanter for hhv fjellstyre og jeger- og fiskarlaget. Målsettingen er å gjennomgå nåværende ordning og komme med et forslag til endringer. Grunnlaget for disse endringene bør både være de nye retningslinjene, behov for fredning, bestandskontroll og mulig praktisk organisering i tillegg til allmennhetens tilgang. Fra jeger- og fiskarlaget ble Svein Erik Ski og Finn Hesselberg bedt om å være med i en eventuell gruppe. Det er ønskelig at fjelloppsynet kan være sekretariat og faglig støttespiller i arbeidet.

Konklusjon:

Jeger- og fiskarlaget har tidligere vært høringsinstans i spørsmål om jaktordningene i allmenningen og tar nå på eget initiativ opp ønsket om en revurdering. Vi håper det kan bli nedsatt en utredningsgruppe som skissert over. Endringer i jaktordningene bør være klare i god tid før jaktseasonen 2010

Bakgrunnen for saka er at DN sitt rundskriv opphevar tidlegare praksis med fortrinnsrett til elgjakt for innanbygdsbuande. Fram til i dag har vi i Vestre Slidre hatt 100 % fortrinnsrett for innanbygdsbuande. I framtida må ein fordele dette med 60 % til innanbygds og 40 % til utanbygds.

Vestre Slidre jeger- og fiskarlag har akseptert ein redusert tilgang på lirypejakt, for å kunne halde på 100% fortrinnsrett for innanbygds til elgjakt. Sidan denne no fell bort, ynskjer dei no å kunne jakt lirype i ei lengre periode. Bestanden kan ikkje få auka avskyting, tilgangen til utanbygds må derfor bli redusert om fjellstyret skal oppfylle dette ynskje. Etter fjellova kan ein ikkje forskjellsbehandle utanbygds utan hund og innanbygds. Det kan likevel setjast tak kor mange kort ein kan selja til utanbygds utan hund.

I sak 32/09 gjorde fjellstyret slikt vedtak:

Fjellstyret ser eit slik utval som nytting når ein skal vurdere jaktordningane. Frå fjellstyret vil Olav Bråten og Kjell Strand deltaka. Vidare vil fjellstyret stille med fjelloppsyn Harald Ranum som sekretær for utvalet.

Fjellova likestiller innanbygds og utanbygds ved tildeling av småviltjakt utan hund. DN har retningslinjer for småviltjakta i statsallmenning:

DN: Regulerings v/småviltjakt utan hund

Det er ikke adgang til å fastsette avvikende reguleringer for småviltjakt utan hund mellom innen- og utanbygdsboende f. eks fastsette baglimits kun for utanbygdsboende eller i vesentlig grad å innskrenke jaktområde i forhold til tilgjengelig areal for innanbygdsboende. Det er imidlertid antatt at fjellstyret kan ha fritt kortsalg til innanbygdsboende, men kreve at utanbygdsboende kun får jakt etter søknad (innen fastsatt søknadsfrist). Dette forutsetter at fjellstyret inntår for at 60/40 fordelingen overholdes.

DN: Korttyper småviltjakt

Det antallet korttyper et fjellstyre kan tilby for salg er definert i forskriftens § 6 nr 1 til 5. Forskriften hjemler ikke egne kort for regulert periode f. eks kort som gjelder for nærmere fastsatte datoer som er forskjellig fra de obligatoriske kortalternativene eller kort som avviker i pris fra de obligatoriske kortprisene (dags-/døgn-, uke- og sesongkort).

Det gjøres videre oppmerksom på at forskriftens § 6 skal forstås slik at det i regulert periode minst skal være tilgjengelig både uke og sesongkort. Det er ikke tillatt i regulert periode å kun selge sesongkort.

DN: Innskrenking av jakttiden og konsekvenser for eiere av solgte kort

Dersom taksering etter jaktstart viser at det ikke er grunnlag for jakt i store deler av jaktseasonen, vil det regelmessig oppstå spørsmål om tilbakebetaling av kjøpesum for allerede solgte jaktkort. Kortkjøpers krav på tilbakebetaling evt. erstatning vil følge av vanlig kjøpsrettslige og avtalerettslige prinsipper. DN vil anbefale fjellstyrene på sine jaktkort klart gir uttrykk for at slik regulering kan skje og at dette er kjøpers risiko. I tilfeller hvor bruken av kjøpt sesongkort blir sterk beskåret eller hvor kjøpt ukekort ikke kan benyttes, vil vi anbefale at kjøpesummen betales tilbake helt eller delvis.

Arbeidsgruppa meiner småviltjakta kan organiserast på følgjande måte:

Jakta kan delast opp i to grupper, regulert og fritt sal. Rypejakt (lirype og fjellrype) går i regulert periode heile sesongen. Det betyr at fjellstyret kan avgrense salet av jaktkort til utanbygds etter søknad. Det er lov til å ha fritt kortsal til innanbygds, medan utanbygds må søke om kort. Vilkåret er at det blir ei rimeleg fordeling på jegerar u/hund for innan- og utanbygds (60/40).

Om sesongen blir utvida for lirypejakt for innanbygds og for utanbygds utan hund, må talet på utanbygds jegerar reduserast. Jaktpresset for lirype blir omtrent uendra om utanbygds i regulert periode blir redusert med 1/3. Talet på jegerar og jakt dagar går ned, men talet på felte ryper er uendra fordi det er berekna fleire ryper pr. dag for innanbygds. I praksis betyr dette at utanbygds må då stå over rypejakt ca. kvart 3. år. Utanbygds kan i staden få tilbod om jakt i avgrensa område for orrfugljakt og for jegerar med hund kan det vera eit alternativ å få treningskort.

I regulert periode må det vera tilgjengeleg kort for veke og sesong. Om vi har dagskort for innanbygds, må vi ha det for utanbygds også. Vi kan setja eit maksimalt tal på kort samla og i dei ulike vekene, og då blir fordelinga opp til kva jegerane søker.

Det er i dag ventetid for å få jaktkort for småviltjakt. Det er vanskeleg å berekne kor lang ventetid ein treng for å koma inn i systemet etter ein har gjort endringar. For fuglejakt med hund var det i 2009 meir enn dobbelte med søkarar samanlikna med talet på jaktkort. Øystre Slidre må dei vente i 4 år for å koma inn. For å koma inn i systemet bør ein starte med treningskort eller orrfugljakt i avgrensa område. Jegerar som er komne inn i systemet, bør også ha med orrfugljakt i rulleringa, dvs ikkje berre plukke ut rypejakt. Ved å bruke takseringsresultatet kan vi justere jaktpresset ut frå bestanden det enkelte år. Dagskvote blir bestemt både for lirype, fjellrype og orrfugl. Det kan også vera aktuelt å setja ei maksimal kvote for heile sesongen. Sesonglengde blir bestemt ut frå taksering og jaktresultat

Fritt kortsal til utanbygds i perioden 15.10 -14.12 blir avgrensa til orrfugljakt i avgrensa områder og harejakt i heile allmenningen. Fritt kortsal til utanbygds for fjellrype i denne perioden går ut.

Fjellstyret tilbyr eige jaktkort på andefuglar og ringdue frå 21.08 fram til rypejakta startar. Jakt på rovvilt bør vera inkludert ved alle type jaktløyve, og det bør kunne løysast eige kort (døgn, veke og sesong). Det bør vera tilfredstillande at slik jakt er tilgjengeleg gjennom inatur. Det er mulig av setja avgrensing i tal på kort som kan seljast, men det er sannsynlegvis ikkje nødvendig med avgrensing.

Ved tildeling av jaktkort må vi ta atterhald om kvote og jakttid. Den enkelte jeger må sjølv undersøke om kva avgrensingar som er bestemt. Det må også gjerast merksam på at det ikkje er redusert pris om det blir låg kvote og kortare sesong. Blir det svært redusert jakttid, kan vi vera pliktige til å betale tilbake delar av kortprisen.

Rutinar for å bestemme dagskvote og sesonglengde m.m., vil fjellstyret ta opp seinare. Det same gjeld prisar på dei ulike jaktkorta.

Vedtak

Fjellstyret godkjenner framlegget frå arbeidsgruppa til nytt prinsipp for organisering av småviltjakta.

Einstemmig vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 27.11.09

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Vestre Slidre jeger- og fiskarlag